

RETNINGSLINER FOR TILSKOT TIL PRIVATE LEIKEPLASSAR

1. Kulturavdelinga i Sveio kan kvart år dela ut tilskott til leikeutstyr, gjerdemateriale og anna materiale til private leikeplassar i nærmiljø og byggefelt. Det er ein føresetnad for tilskot at området er allment tilgjengeleg. Tiltak på kommunale leikeplassar er finansiert over budsjettet til drift- og anleggsavdelinga.

2. Ei velforeining eller tilsvarande må vera ansvarleg søker for tiltaket. Søkjaren må kunna dokumentera at brukarar av området er omfatta av ei forsikring (til dømes gjennom medlemskap i Vellenes landsforening) og at det blir utført kontrollar av materiell på leikeplassen i samsvar med gjeldande retningslinjer.

3. Dei som søker tilskott etter denne ordninga må dokumentera eigedomsrett til det aktuelle området eller avtale om disposisjonsrett for minimum 5 år.

4. Dugnad kan gå inn som del av finansieringa etter gjeldande satsar. Talet på dugnadstimar må stå i forhold til omfanget av arbeidet, og må dokumenterast.

5. Søknaden må innehalda/ha vedlegg som viser:

Plan for arbeidet

Orientering om/kart over området

Kostnadsoverslag/pristilbod

Finansieringsplan.

Dokumentasjon av dugnadstimar

Stønadene vert avgrensa til maksimalt 50% av total kostnad. Ved særleg kostnadskrevjande leikeplassutstyr kan tilskott sparast opp over 2 år. Det må søkjast om tilskott kvart år. Minste totale kostnad for å få stønad er kr. 3000. Det er eit krav at området må ha nødvendig sikringsutstyr (til dømes fallsand og gjerde) før det blir gitt støtte til nye leikeapparat. Sikringsutstyr kan inngå i søknaden.

Mangelfulle søknader vert avvist.

6. Stønadene vert kvart år avgrensa av dei midlar som er sett av til føremålet i budsjettet.

7. Innvilga stønad vert utbetalt når materialet er innkjøpt og (kopi av) rekning/faktura er sendt kulturavdelinga, saman med endeleg rekneskap (eige skjema).

SØKNADSRIST: 1. mars

Retningslinjene gjeld frå 01.01.2021

Vedtatt av Sveio kommunestyre sak nr 088/20, 21.09.2020